

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.08.2018

Handsaming i møte

Orienteringar og synfaringar:

Dette møtet vart kombinert med at kontrollutvalet hadde samtalar med ordførar og rådmann i Voss kommune og prosjektleiar/rådmann i nye Voss herad. Vidare vart det lagt inn orientering/omvising Myrkdalen Fjellandsby og ved Voss vidaregåande skule.

Endring av møtedato:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke opp spørsmålet om kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune kan flytte det planlagde møtet 24.09.2018 til 25.09.2018 med tanke på å få i stand eit felles videomøte. Det viste seg at fleire av medlemmene i kontrollutavet ikkje hadde høve til å endre dato. På bakgrunn av det vart det semje om å ikkje endre møtedatoen.

Folkevaldopplæring:

Kontrollsjefen orienterte om status for den planlagde folkevaldopplæringa i Sola 8. – 10. januar 2019. Kontrollutvalet vart utfordra på kva Case dei i tilfelle ønskjer å presentere på samlinga og dei kom med desse alternativa:

- Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnette
- Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular 1 og 2

På bakgrunn av dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ikkje høve til å endre møtedato frå 24.09.2018 til 25.09.2018.
2. Kontrollutvalet ønskjer at «Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet» eller «Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular» kan vera aktuelle å presentere som case på folkevaldopplæringa i Sola 8. – 10.01.2019.